



Festtalar på haustfesten i år er tidlegare amabassdør og utanriksmedarbeidar Ingvard Havnen.

Den tradisjonsrike haustfesten i ungdomslaget vert i år skipa i Helgheim laurdag 19. oktober. Malen er slik det har vore dei siste fem åra, med program, mat og dans. Det vert lagt ut 100 billetter for gjester og frivillige på festen. Haustfesten vert definert som ein dugnadsfest der aktørar, som vert med på heile festen, og komiteemedlemer også melder seg på og må betala halv inngangsbillett.

Det er ei ære å få vera med i programmet på haustfesten. Dette gjeld særleg den som vert spurt om å vera festtalar og ikkje minst den som tek oppgåva med å skriva Daltrekk.

Festtalar i år er tidlegare ambassadør, presseråd og utanriksmedarbeidar i Utanriksdepartementet, Ingvard Havnen frå Rosendal. Alt frå 1983 var han fast skøytekommentator i NRK og hadde eit fast grep på rundetider og utrekning av poeng. Ingvard Havnen gjekk i klasse med fleire uskedelinger på realskulen, av dei Åge Magne Nerhus, seinare presseman i Bergens Tidende.



Vokalensemblet GLIMRAH syng både taffel og i programmet. Mennene på bilete er ikkje med i gruppa. (Arkivfoto)

Redaktøren for det handskrivne bladet Daltrekk denne gongen er Thor Inge Døssland. Han skriv godt og har i mange år vore ein samfunnsengasjert person med gode tankar om integrering, bygdeutvikling og kommunepolitikk. Døssland har vore og er ein aktiv skribent på nettsida Uskedalen.no og i lokalaviser. Han kan det meste og er godt orientert i lokalsamfunnet. I musikklaget er han tubaist.

Song og musikk høyrer med på ein fest i ungdomslaget. Både Røysterrett for Alle, Uskedal Musikklag, vokalensemblet GLIMRAH og Rustne Menn vert med i programmet. Det er lagt opp til eit uventa innslag på scenen,- ikkje sagt meir om det no.



Det alltid like populære dansebandet TRINITY sviktar ikkje haustfesten i Uskedalen.

Etter den gilde matøkta i kjellaren med velsmakande betasuppe, vert det dans til langt på natt. TRINITY er på plass i år også. Då plar det vera fullt på dansegolvet.

Det er førehandstinging av billetter. Pris: kr. 300,- Aktørar og frivillige: kr. 150,- Påmelding til:

- Rigmor Rasmussen - mobil: 470 23 450. rigmor@knett.no
- Kristian Bringedal - mobil: 915 31 487. kristian.bringedal@gmail.com

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressefoto/ Kristian Bringedal